

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2026/2488-10

**Saksbehandlar**

Niels Jakob Erlingsson

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2026/39	Formannskapet	04.06.2026
2026/48	Kommunestyret	18.06.2026

## Årsmelding 2025

### Innstilling frå kommunedirektøren:

- Årsmelding og rekneskap for 2025 vert godkjent slik det ligg føre med eit netto driftsresultat på -28.358.007 kroner.
- Meirforbruk på 45.673.945 kroner vert dekkja opp som følgjer:

Handsaming av meirforbruk 2025	
Bruk av disposisjonsfond jf §5-9	- 45 673 945
<i>Kommunedirektør sitt forslag til disponering</i>	
Avsetning til kapitalfond	1 108 922
Avsetning til bundne driftsfond	526 790
Bruk av disposisjonsfond	- 47 309 657

### Formannskapet si behandling i møte den 04.06.2026:

#### BEHANDLING:

Økonomi- og finanssjef Niels Jakob Erlingsson orienterte før behandling av saka.

**Nytt tilleggsforslag frå varaordf. Thea Vaage, Ap:** Midlar til toppa bemanning i barnehage som ikkje vart brukt i 2025 på 476.790 kr blir innarbeid i årets budsjett og nytta til toppa bemanning i barnehagane våre.

**Røysting over forslaget:** Samrøystes

**Innstilling til Kommunestyret:** Kommunedirektøren si innstilling, med Vaage sitt framsette tilleggsforslag, vart samrøystes.

#### INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

1.Årsmelding og rekneskap for 2025 vert godkjent slik det ligg føre med eit netto driftsresultat på - 28.358.007 kroner.

2.Meirforbruk på 45.673.945 kroner vert dekkja opp som følgjer:--- slutt på innstilling ---

Handsaming av meirforbruk 2025

Bruk av disposisjonsfond jf §5-9 - 45 673 945

Kommunedirektør sitt forslag til disponering

Avsetning til kapitalfond 1 108 922

Avsetning til bundne driftsfond 526 790

Bruk av disposisjonsfond - 47 309 657

## Kommunestyret si behandling i møte den 18.06.2026:

### BEHANDLING:

Økonomi- og finanssjef Niels Jakob Erlingsson orienterte før behandling av saka.

Nytt tilleggspunkt vedteken i Formannskapet: **Midlar til toppa bemanning i barnehage som ikkje vart brukt i 2025 på 476.790 kr blir innarbeid i årets budsjett og nytta til toppa bemanning i barnehagane våre.** frå varaordf. T. Vaage, Ap vart lagt til innstillinga. (Samrøystes i formannskapet)

Innstilling frå formannskapet, med nytt tilleggspunkt frå varaordf. Thea Vaage, Ap,(i formannskapet) vart samrøystes vedteken.

### VEDTAK:

1.Årsmelding og rekneskap for 2025 vert godkjent slik det ligg føre med eit netto driftsresultat på - 28.358.007 kroner.

2.Meirforbruk på 45.673.945 kroner vert dekkja opp som følgjer:

Handsaming av meirforbruk 2025

Bruk av disposisjonsfond jf §5-9 - 45 673 945

Kommunedirektør sitt forslag til disponering

Avsetning til kapitalfond 1 108 922

Avsetning til bundne driftsfond 526 790

Bruk av disposisjonsfond - 47 309 657

3. **Midlar til toppa bemanning i barnehage som ikkje vart brukt i 2025 på 476.790 kr blir innarbeid i årets budsjett og nytta til toppa bemanning i barnehagane våre.**

### Vedlegg:

Uttale frå kontrollutvalet

Saksframlegg med vedtak – kontrollutvalet

**Samandrag:**

Kommunedirektør legg fram «Årsmelding og rekneskap 2025» og gjer også merksam på vedlegga frå revisjonen og kontrollutvalet. Kommunar er pliktige å utarbeide årsrekneskap og årsmelding, dokumenta skal handsamast samstundes og seinast seks månader etter rekneskapsåret er slutt, jamfør kommunelova § 14-3. Årsrekneskapen skal omfatte alle økonomiske midlar som vert disponert gjennom året og bruken av desse. Kommunestyret skal vedta årsrekneskapen og skal disponere rekneskapsmessig mindreforbruk eller finne dekning for meirforbruk.

**Saksutgreiing:**

Årsmeldinga er digital og er tilgjengeleg ved å følgje denne lenka: [Årsmelding 2025](#)

Kvinnherad kommune legg fram rekneskap for 2025 med eit negativt netto driftsresultat på 28.358.007 kroner. Hovudårsaka til det negative resultatet er:

- Høgt tenestenivå på kommunale tenester
- Stort meirforbruk innan helse- og omsorgstenester
- Høgare kostnader enn inntekter på integreringsarbeidet

Resultatet var betre enn det budsjetterte resultatet på -42.169.547 kroner. Dette er i hovudsak grunna:

- Høgare avkastning frå Kraftfondet enn budsjettert
- Lågare pensjonskostnader enn budsjettert

Årsmeldinga skildrar dei økonomiske resultata, samfunnsutviklinga, status for kommunale planar, status for verbalvedtak og ulike investeringar og prosjekt i 2025. Årsrekneskapen syner kommunen sin tilgang på og bruk av midlar til driftsføremål og investeringar gjennom 2025, samt verdien av eigendelar, gjeld og eigenkapital per 31.12.2025.

Årsrekneskapen gjev vidare grunnlag for kontroll av at lovmessig balansekrav er oppfylt og at den løypande drifta ikkje er finansiert med låneopptak. Årsrekneskapen er avlagt i form av obligatoriske oppstillingar, noteopplysningar og oversikt angitt i kapittel 5 i kommunelova si forskrift om årsrekneskap. I tråd med kommunelova med forskrift skal meirforbruket dekkast av disposisjonsfond. For Kvinnherad kommune utgjer dette beløpet 45.673.945 kroner.

Kommunedirektør vil føreslå ei anna disponering av meirforbruket Forslaget er som følgjer:

- Auke overføring til investering med 1.108.922 kroner for å auke grunnkapitalen til Kraftfondet i samsvar med finansreglementet
- Setje av 526.790 kroner til bundne driftsfond

Desse endringane medfører at bruk av disposisjonsfond aukar med 1.635.712 kroner frå 45.673.945 kroner til 47.309.657 kroner. For fleire detaljar om disponeringa av netto driftsresultat på -28.358.007 kroner vert det synt til årsrapporten.

Årsrekneskapen er avlagt innan sette fristar i tråd med kommunelova § 14-6 og Økonomiforskrifta

**Økonomisk berekraft:**

Årsrekneskapen syner at kommunen har eit høgt tenestnivå som til dels vert dekkja opp av høgare avkastning frå Kraftfondet enn budsjettet. Dette gjev eit stort likviditetsunderskot som utfordrar den økonomiske berekrafta til kommunen.

**Miljø og klima berekraft:**

Berekraftsmåla skal liggja til grunn for alle tenester, investering og drift.

**Sosial berekraft:**

Fornuftig disponering av mindreforbruket til Kvinnherad kommune kan fremje sosial berekraft i kommunen.

**Berekraftsmål nr 17 – om samarbeid:**

Bakgrunn for årsmeldinga og rekneskapen er eit samarbeid mellom tilsette i organisasjonen, brukarar, innbyggjarar, næringsliv og politikarar. Komplekse utfordringar løyser ingen åleine, og alle tenester heng saman og er avhengige av andre.